



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
15.06.2016
Dykkar dato
19.05.2016

Vår referanse
2016/6746 421.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - gnr. 51 bnr. 60 - Landsvik - Uttale til dispensasjon til utlegging av flytebrygge

Vi viser til brev frå kommunen datert 19.05.2016. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå føresegn 1.6.7 i arealdelen av kommuneplanen for utlegging av flytebrygge på Landsvik gnr. 51 bnr. 60.

Eigedomen er i reguleringsplan for Naustvika, planid 125620021218, definert som hamneområde. I føresegnene til kommuneplanen pkt. 167 står det:

For bryggjer gjeld følgjande:

- På areal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustad, fritidsbustad eller naust) er arealføremålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl. § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebrygge som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m.

Kommunen meiner at omsøkt flytebrygge er ei enkel brygge og at den derfor treng dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen si vurdering

Reguleringsplanen for Naustvika er i arealdelen av kommuneplanen definert som ein plan som skal gjelde framfor kommuneplanen, sjå føresegn pkt. 1.1. Fylkesmannen kan ikkje sjå at reguleringsplanen opnar for flytebrygge i det aktuelle området. Vi meiner derfor at det er naudsynt med ein dispensasjon frå reguleringsplanen eller ei endring av reguleringsplanen i denne saka.

I slike saker er det fare for presedens og for å undergrave reguleringsplanen som styringsverktøy. Fylkesmannen vil derfor rå kommunen til å vurdere ei endring av reguleringsplanen.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.